



Fra: Ressurskontrollseksjonen i region Midt  
Til: Utviklingsseksjonen

Kopi: Forvaltningsseksjonen i region Midt, Kontrollseksjonen, Kyst- og havbruksseksjonen i region Midt, Reguleringsseksjonen, Ressurskontrollseksjonen i region Sør, Ressurskontrollseksjonen i region Vest

Sakshandsamar:  
Karl Anton Lorgen

Saksnr:  
17/3571

Dato:  
17.03.2017

## Svar på høyring av regulering av fisket etter leppefisk i 2017

Fiskeridirektoratet region Midt viser til mottatt høyring om regulering av fisket etter leppefisk i 2017 datert 24.02.2017. Høyringa har opplista ulike problemstillingar/utfordringar knytt til forvatninga og gjennomføringa av leppefisket. Under følger våre kommentarar/innspekk punktvis tilsvarande som i høyringa.

### 2.1 Totalkvote, 2.2 Kvote på fartøynivå

Vi støtter forslaget om ei fartøykvote pr. fartøy og ikkje ei totalkvote som for året 2016. Etter vår oppfatning vil dette bidra til å gjennomføre fisket over ein lengre tidsperiode som er til gunst for oppdretter, då han får tilgang til leppefisk over ein lengre tidsperiode. Vi unngår også eit «kappfiske» som vi såg i 2016, der det blei fiska store mengder over kort tid. Fiskarane ønska naturleg nok å fiske så mykje så muleg før totalkvoten vart oppfiska. Av fiskevelferdshensyn vil ein lengre fangstperiode forhåpentleg vis bidra til at fiskaren kan ta betre vare på fisken.

For kor stor kvoten på det enkelte fartøyet bør vere, viser vi til høyringsdokumentet og dokumentasjonen i frå Havforskningsinstituttet. Forslaget på 100 000 leppefisk pr. fartøy kan vere eit fornuftig tal ut i frå den dokumentasjon som forelegg.

Fritidsfiske meiner vi bør avgrensast til dagens regelverk med 20 teiner og beløpsgrense på kr. 50 000. Eit viktig moment her er at kravet om at fritidsfiskarar skal ha særskilt løyve frå Fiskeridirektoratets regionkontor blir viderefør jf. § 5 i leppefiskforskrifta for 2016. Dette er kritisk i kontrollsamanheng, då ein får oversikt over aktuelle fritidsfiskarar.

### 2.3 Deltaking

Vi støtter forslaget i høyringa der ein fiskar kun kan delta med eit fartøy etter leppefisk. Dette bør etter vår meining forvaltast tilsvarande (eller som ein del av) dagens «open gruppe» jf deltakarforskrifta § 5 andre ledd. Der vil fartøybegrensinga bli «automatisk» regulert. Ut i frå kontrollhensyn vil aktørane i leppefiske bli meir oversiktlege ved at ein kun kan delta med eit fartøy. I 2016 såg vi eksempel på aktørar som hadde fleire fartøy, der dei stort sett var bemanna med utanlandsk mannskap som bl.a. ikkje stod i fiskarmanntalet, og fartøya oppfylte heller ikkje deltakarlova § 5 a. om krav til bustad. Ut i frå høyringsteksten så var det i 2016 om lag 80 % av fiskarane som deltok med kun eit fartøy.

Fiskeridirektoratet region Midt støttar forslaget og argumentasjonen i høyringa om å ikkje adgangsregulere fisket etter leppefisk. Vi meiner at å begrense deltakinga til eit fartøy pr. fiskar med ei fartøykvote er tilstrekkeleg pr. i dag.

### 2.4 Opningstidspunkt

Fiskeridirektoratet region Midt fekk tilbakemeldingar i 2016 på at leppefisken ikkje var ferdig med gyttinga i våre nordlege område som Nord-Trøndelag, då fiske opna nord for 62° N den 25.07.2016. Fiskarane i Nord-Trøndelag var uroa for at fiskarane i sør fekk eit «forsprang» med tanke på å kunne fiske mest mogleg. Ved ei innføring av fartøykvote vil denne problemstillinga ikkje lenger vere aktuell.

Vi fylgjer høyringa si vurdering når det gjeld opningstidspunkt, og ser det som naturleg at det blir 2 ulike område eit nord for og eit sør for 62° N, med kvar sin opningsdato ut i frå gytetidspunktet for leppefisken. Ut i frå eit kontrollhensyn så ser vi det som lite gunstig å dele region Midt i 2 ulike område ved 64° N.

Vi har informasjon som tyder på at leppefisken, spesielt i Nord-Trøndelag, har ganske store årlege variasjonar på gytetidspunkt (start og slutt). Vi ser det derfor som hensiktsmessig at det også i 2017 gjennomførast prøvefiske i Nord-Trøndelag.

Vi støtter forslaget om å ikkje fastsette ein sluttdato, då vår erfaring tilseier at fisket har ei naturleg avslutning når vær tilhøva blir dårlegare utover hausten.

### 2.5 Minstemål

Fiskeridirektoratet region Midt fylgjer høyringa sine vurderingar når det gjeld maksimalmål for dei enkelte artane. Vi har ingen kommentarar utover dette.

### 2.6 Røktning

Vi ser det som meget viktig at vi har reglar for røktning ut i frå fiskevelferdsmessige hensyn, og støttar forslaget om å videreføre dagens regelverk.

## **2.7 Seleksjonsinnretningar**

Fiskeridirektoratet region Midt har ingen ytterlegare kommentarar til at ein viderefører kravet til seleksjonsinnretningar i 2017, utover det som kjem fram i høyringa.

## **2.8 Redskapsmengde**

Ved å innføre ei redskapsbegrensing vil ein kunne vere meir siker på at næringsutøvarane har ei redskapsmengde som dei greier å handtere. Vi har fått tilbakemeldingar på at enkelte aktørar har så mange teiner at dei ikkje greier å røkte teiene kvar dag. Det kan vere vanskeleg med å definere eit konkret tal, då dette er avhenging av kor effektiv fiskaren planlegg det dagleg fiskeriet, geografi og kor mange personar som er ombord i fiskefartøyet.

Eksempel 1:

Ein fiskar/fartøy har 150 teiner som skal røktast kvar dag. Dei brukar i snitt 5 minutt pr. teine inkludert gangavstand mellom teiner og tid til levering, eller å sette leppefiske i lås/samlepose. I tid brukar fiskaren 150 teiner x 5 minutt som tilsaman er 750 minutt / 12 timar og 30 minutt.

Eksempel 2

Ein fiskar/fartøy har 250 teiner som skal røktast kvar dag. Dei brukar i snitt 5 minutt pr. teine inkludert gangavstand mellom teiner og tid til levering, eller å sette leppefiske i lås/samlepose. I tid brukar fiskaren 250 teiner x 5 minutt som tilsaman er 1250 minutt / 20 timar og 50 minutt.

Fiskeridirektoratet region Midt foreslår at det vert innført ei redskapsbegrensing pr. fartøy/fiskar på mellom 150-250 teiner nord for 62° N, dette på bakgrunn av at det må vere realistisk tidsmessig i å røkte alle teinene. Våre observasjonar og tilbakemeldingar frå fiskarar er at mange tilstrebar å røkte teinene 2 til 3 gongar pr. dag.

## **Kontrollretta tiltak ifm gjennomføringa av leppefiske**

### **Krav til merking**

Fiskeridirektoratet region Midt erfarer år etter år at vak tilknytta leppefiske, og for så vidt andre fiskeri som hummerfiske/krabbefiske, er av ei slik utforming/tilstand/opphav at det til tider er svært vanskeleg å identifisere eigaren av redskapen. Ofte er det nytta svært små vak som er umuleg å sjå før ein fysisk tar i vaket. Dette kan vere for eksempel små korker med ein storleik 10-15 cm, eller ½ liters brusflasker etc. Denne problemstilling medfører ein mindre effektiv kontroll og vanskelegjer identifiseringa av eigaren, då skrifta blir svært lita og lett forsvinn.

Vi tilrår at ein innfører eit krav i «utøvelsesforskrifta» § 73 *Krav til merking*, der ein får krav til at vak, blåser eller bøyer får eit «minstemål». Eventuelt at dette kravet blir tatt inn spesifikk for leppefiskeiteiner i leppefiskforskrifta for 2017.

### **Krav til rapportering**

Ved gjennomføring av haustinga av leppefisk, blir ofte dagens fangst satt i lås/samleposar. Hensikta med dette er å samle opp eit større antal leppefisk, for så å gå og levere til oppdrettar, då avstanden til oppdrettsanlegget kan vere fleire timar i gangtid. Vi har i dag ingen kontroll på kven som låsetter, kva mengde, tidspunkt og posisjon. Når ein skal levere leppefisken til oppdrettar, så er det nødvendigvis ikkje alltid at det er det same fartøyet som leverte til låset/posen som er føringsfartøyet og leverer fisken til oppdrettar.

Vi viser til landingsforskrifta § 5 *veieplikt* som stiller krav til seddelføring ved opptak frå lås og krav til seddelføring ved landing hjå kjøpar/mottakar. Vi viser også til brev frå REK datert 25.08.2016 som omhandlar eit avslag på søknad om veieplikt for å frakte leppefisk, sak 16/9703. I nest siste avsnitt i brevet er krava i landingsforskrifta utdypa når det gjeld leveransar av leppefisk;

*Vi gjør oppmerksom på at landingsforskriften i tillegg til å kreve at leppefisken telles ved hver landing, også krever at det skrives landingsseddel for de landinger der fisken ikke selges, og deretter at det skrives sluttseddel samtidig som fangsten selges ved oppdrettsanlegget. For å oppfylle landingsforskriften må den som er ansvarlig for fangsten, det vil si skipper om bord i det minste fartøyet som har fangstet fisken være med i det fartøyet som fører fangsten til oppdretter for å undertegne sluttseddelen*

For å kunne kontrollere at seddelføring blir gjennomført iht landingsforskrifta, og ha mulegheit for å kontrollere låssettinga av leppefisk, foreslår Fiskeridirektoratet region Midt at det blir stilt krav om at merkeregistrerte fartøy som fiskar leppefisk, får krav om rapportering vha «Kystapp» ved låssetting og levering til oppdrettsmerd. Vi foreslår at fiske etter leppefisk med merkeregistrert fartøy blir tatt inn i virkeområde i § 2 i «Forskrift om elektronisk rapportering for norske fiske- og fangstfartøy under 15 meter».

Ved ei elektronisk rapportering vil ein også forebygge leveransar av leppefisk som ikkje blir ført på seddel - svartleveranser, då fiskar har «låst» kvantumet ifm den elektroniske rapporteringa. Ein vil i tillegg kunne følge med og samanlikne totalt elektronisk innrapportert kvantum leppefisk og totalt seddelført kvantum leppefisk, både på fartøynivå og totalt for fangstområdet. Ein vil også forebygge at merkeregistrerte fartøy og uregistrerte fartøy leverer leppefisk, som blir ført på andre merkeregistrerte fartøy som ikkje er aktive i fisket.

Fiskeridirektoratet region Midt støttar store delar av forslaga i høyringa, og viser til våre innspel og kommentarar. Vi forutsetter at dei endingane som vart tatt inn i

leppefiskforskrifta for 2016, f.eks manntalsføring etc, blir vidareført i leppefiskforskrifta for 2017.

Med helsing

Ståle Hansen  
regiondirektør

Karl Anton Lorgen  
seksjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

